



Kan DU tenkje deg å vere

## **STØTTEMEDLEM I AARDALENS VENNER?**

Aardalens Venner er eit lag som vart skipa i mars 2006 med føremål å ta vare på bygningane og kulturlandskapet i Årdalen mellom Skårbø og Drage.

Bruket vart fråflytta i 1957, då Arvid Aardal i ein alder av 40 år flytta med familien til Tjørvåg. På det tidspunktet var det køyreveg berre til Liset, så det var ikkje enkelt korkje å bu der eller å flytte.

Arvid døydde i 2003, 83 år gammal. Bruket er overteke av arvingane (tre systre), men dei har ikkje makta å halde bygningane vedlike. Når alt tilfang må fraktast sjøvegen eller berast frå vegenden på Skårbø, er det ei vanskeleg oppgåve å bruke all ferie og fritid til vedlikehald.

Bruket i Årdalen har stort kulturhistorisk verdi av fleire grunnar. Sidan Årdalen har vore både veglaus og straumlaus, gjev Årdalen eit uvanleg godt bilde av korleis fiskarbonden levde. Sjølv i Årdalen var det mange bygningar til ulike føremål, og vel 20 dekar (mål) overflatedyrka innmark som var grunnlaget både for eit visst dyrehald og til og med kornproduksjon.

I 2007 gjorde Aardalens Venner avtale med grunneigarane om å overta vedlikehald av bygningar m.m. Avtala inneber også at bygningane kan brukast av lokalmiljøet etter visse reglar. Sjå heimesida vår på internett (adresse på bilde ovanfor). På heimesida har vi mykje informasjon om arbeid som alt er gjort i Årdalen, og om kva som står «for tur».

Omfang og framdrift av alt arbeid i Årdalen blir styrt av kva midlar laget har tilgjengeleg. Vennelaget er aktive til å søkje stønad både frå offentlege og private institusjonar, og møter stort sett velvilje. Nytt for 2009 er at området Hoddevik – Drage – Liset er teke inn i ein nasjonal plan for kulturlandskap. Vi håpar at det skal gje oss betra moglegheit til å ta vare på Årdalen. Trongen for midlar vil vere stor i mange år enno, fordi mange bygningar har stor trong for reparasjonar / vedlikehald.

I mars 2009 vedtok Miljøverndepartementet og Landbruks- og Matdepartementet at området Hoddevik – Liset skal vere eitt av 20 utvalde kulturlandskap i Norge som skal takast vare på pga. særpreg (kystkulturlandskap, historisk verdi etc.) og høgt biologisk mangfold. Årdalen ligg i dette området, og er no eitt av få særskilte landskap frå det førindustrielle jordbruket som er teke godt vare på. Vi reknar derfor med at i åra framover blir det lagt vekt på skjøtsel av kulturlandskapet i Årdalen i tillegg til å reparere og setje i stand bygningane.

Vennelaget er naturlegvis avhengige av interesse og støtte frå andre enn dei få i styret. Vi håpar at både tidlegare medlemmer og nye medlemmar kan støtte laget med **støttemedlemskap i Aardalens Venner**. For firma er det kr 500,-, for enkeltpersonar kr 100,- og familiar kr 200,- pr. år.

**Takk for di støtte.** Dei firma som ynskjer det, kan vi føre opp på heimesida vår som «støttespelarar». Send ei melding til [tehovde@online.no](mailto:tehovde@online.no) om de ynskjer dette, gjerne med logo. Vi ynskjer elles **e-postadresser til alle medlemmar** slik at vi lettare kan informere dykk om arbeid i Årdalen. Send adresse til [tehovde@online.no](mailto:tehovde@online.no).

Med venleg helsing

Styret i **Aardalens Venner**

*Jan Hammersvik*

leiar

e-post: [jan-ham2@online.no](mailto:jan-ham2@online.no)

Tlf.: 578 56 715 / 991 54 707